



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND  
FREDAG 7.FEBRUAR KL. 09.30 – 14.00 PÅ AUSTEVOLL VIDAREGÅAND SKULE**

**Desse møtte**

Morten Storebø, Austevoll kommune  
Sammy Olsen, Bømlo kommune  
Aud Gunn Løklingholm, Bømlo kommune  
Harald Rydland, Fitjar kommune  
Olaug Haugen, Fitjar kommune  
Hilde Enstad, Kvinnherad kommune  
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune  
Magnus Mjør, Stord kommune  
Jostein Førre, Sveio kommune  
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune

**Frå administrasjonen**

Gro Jensen Gjerde

**Forfall**

Bjarte Madsen, Austevoll kommune  
Mette Heidi Bergsvåg, Etne kommune  
, Etne kommune  
Gaute Epland, Stord kommune  
Linn Terese Erve, Sveio kommune  
Steinar Dalland, Tysnes kommune

**Då var føre:**

Sak 03/20 Godkjenning av referat frå møte 5. desember 2019 og ekstra sak 01/20 og 02/20  
Sak 04/20 Val av to representantar til styret i Sunnhordland museum  
Sak 05/20 Bruk av tiltakspott  
Sak 06/20 Skjønsmidlar frå fylkesmannen  
Sak 07/20 Ferjetilbodet i Sunnhordland  
Sak 08/20 Skriv og meldingar  
a) Uttale Havbrukskatteutvalet  
b) Fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr. 28 februar  
c) Møte med Atheno  
d) Møte i kommunane  
e) Budsjett 2020  
f) Prosjekt mot forsøpling  
g) Innspelsmøte NTP  
Sak 09/20 Ymse

**I forkant av møte:**

Omvising og orientering - Austevoll vg. skule v/ rektor Vivian B. Horgen og ass.rektor/avd.leiar yrkesfag Håvard Magnus Njåstad

Orientering om «Attraksjon Sunnhordland» v/ Sveinung Hansen og Lars Solberg, Atheno AS

Sunnhordland, 10.02.20

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND  
FREDAG 7.FERBUAR KL. 09.30 – 13. 40 PÅ AUSTEVOLL VIDAREGÅANDE SKULE**

I forkant av møte gav rektor Vivian Bjånesø Horgen og ass.rektor/avd.leiar yrkesfag Håvard Magnus Njåstad ei orientering skulen med fokus på korleis dei arbeider med praktisk opplæring gjennom samarbeid med lokalt næringsliv og lokalsamfunn. Dette fører igjen til eit godt læringsmiljø og skulen har så godt som ikkje fråfall. Det var og ei omvising på nokre av fasilitetane til skulen.

Prosjektleiar Sveinung Hansen og styreleiar i Atheno AS, Lars Solberg, orienterte om prosjektet «Attraktive Sunnhordland». Regionen har eit behov for å synleggjera sin kompetanse for å kunna tiltrekka seg innanlandske – og utanlandske bedrifter og investorar. For å få det til må regionen stå fram som attraktiv. Føremålet med presentasjonen var ønske om at Samarbeidsrådet gjev tilslutnad til å gå vidare med arbeidet.

Etter ei drøfting vart det konkludert med at det bør gjennomførast eit forprosjekt, og resultatet frå dette bør presenterast i kommunane. Då kan kommunane ta stilling til om dei ynskjer å vera med på finansiering av eit hovudprosjekt og vidare drift.

**Sak 03/20 Godkjenning av referat frå møte 5. desember 2019 og ekstra sak 01/20 og 02/20**  
Samrøystes godkjent

**Sak 04/20 Val av to representantar til styret i Sunnhordland museum**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vel følgjande medlemmer og personlege varamedlemmer til styret i Sunnhordland museum:

1	.....	medlem	.....	varamedlem
2	.....	medlem	.....	varamedlem

**I møte**

I møte vart det fremja forslag om at saka går til Arbeidsutvalet. Dei kjem med tilråding til medlemmer som skal veljast av Samarbeidsrådet . Viktig at alle kjem med innspel til kandidatar, og at ein får til ei god samansetning av ulik kompetanse.

**Vedtak**

Samarbeidsrådet ber Arbeidsutvalet koma med tilråding til kandidatar som skal veljast av Samarbeidsrådet.

**Sak 05/20 Bruk av tiltakspott**

**Framlegg til vedtak**

Samarbeidsrådet går inn før løyving frå tiltakspotten til følgjande prosjekt:

Geopark Sunnhordland	kr. 136 000,-
Deltakar driven produktutvikling	kr. 75 000,-

Influenser  
Rekruttering

kr. 30 000,-  
kr.

#### **I møte**

Administrasjonen orienterte kort om at det er tre ulike selskap som har gjeve tilbod til rekrutteringsprosessen, og føreslo at Samarbeidsrådet set ei øvre ramme for kostnadane.

#### **Vedtak**

Samarbeidsrådet løyver kr. 136 000 til Geopark Sunnhordland, kr. 75 000 til Deltakar driven produktutvikling og kr. 30 000 til Influenser frå tiltakspotten. Samarbeidsrådet løyver føreslegen ramme til rekruttering av dagleg leiar.

### **Sak 06/20**

#### **Skjønsmidlar frå fylkesmannen**

#### **I møte**

Administrasjonen gav ei orientering om bakgrunn for vurdering og framlegg til vedtak. Dette er i tråd med tidlegare drøftingar i Samarbeidsrådet. Det kom innspel på at det vil vera nyttig med ei orientering mellom kommunane på kva prosjekt dei eventuelt søker om.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vedtek at kvar kommune sender søknad(ane) inn til Fylkesmannen gjennom <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>, utan at regionrådet prioriterer mellom søknadane.

#### **Vedtak**

Samrøystes

### **Sak 07/20**

#### **Ferjetilbodet i Sunnhordland**

Ordførar Hilde Enstad, Kvinnherad kommune gav ei orientering om bakgrunn for at ho hadde bede om at saka vart sett på dagsorden.

Regulariteten, særleg på sambandet Skjersholmane – Ranavik er ikkje tilfredsstillande.

Det er no tre operatørar på ferjesambanda i Kvinnherad, noko som gjer at det er vanskeleg å få inn reserveferjer.

Enstad stilte spørsmål om det er råd å gjera noko med dette.

I drøftinga kom det fram ulike problemstillingar. Kan det i i kontraktane kan ligga noko om overgangsordningar i høve til elektrifisering, krav til operatør versus 1 – 2 ferjer mm.

Det vart og ei kort drøfting om kollektivløysingar. Det er manglande korrespondanse mellom buss- båt ved fleire ruter.

Sunnhordland kjem dårlegast ut på kollektivtilbodet i tidlegare Hordaland, jamf. folkehelseundersøkinga.

Elevar frå Bømlo som går på Fitjar vg,. skule brukar to timar kvar veg.

Det er behov for og meir kollektivruter Leirvik – Sandvikvåg og Leirvik, Sveio Haugesund.

Det er så mange utfordringar i Sunnhordland at dette bør rådet tak tak i.

Fylkskommunen har ei sentral roll her. Samarbeidsrådet konkluderte med følgjande:

*Kollektivløysing og ferjetilbod vert tema på møte i mars. Til dette møte vert fylkesordførar og samferdsle, Skyss invitert.*

Det kom og innspel på at Samarbeidsrådet må sjå om regionen kan ha eit pilotprosjekt på sjølvgåande buss, samt bestillingsruter.

#### **Sak 08/20**

##### **Skriv og meldingar**

- a) Uttale Havbrukskatteutvalet
- b) Fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr. 28 februar
- c) Møte med Atheno
- d) Møte i kommunane
- e) Budsjett 2020
- f) Prosjekt mot forsøpling
- g) Innspelsmøte NTP

##### **I møte**

###### **a) Uttale Havbrukskatteutvalet**

Denne utalen fekk ikkje tilslutnad i alle kommunane, og vart difor ikkje vedteken. Ordførar Kåre Martin Kleppe tok opp at saka har vore drøfta i tidlegare møter, og at alle hadde hatt tid til å ta den opp i eigen kommune. Ei framtidig læring må vera at når ein vert samde om å ta opp saker, må ein få godkjenning i eigen kommune og ha mandat med inn i rådet.

###### **b) Fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr. 28 februar**

Det kom fram at 28.02 er midt i vinterferien, og må difor utsetjast.

###### **c) Budsjett 2020**

Administrasjonen gav ei orientering om budsjettsituasjonen.

###### **d) Prosjekt mot forsøpling**

Administrasjonen orienterte om møte som var 4.ferbruar, og om korleis ein tek dette arbeidet vidare.

###### **e) Innspelsmøte NTP**

Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, tok på seg å halda innlegget frå Samarbeidsrådet.

#### **Sak 09/20**

##### **Ymse**

###### **Standardisering av ladestasjonar**

Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune, tok opp spørsmålet om standardisering av ladesystemer til ferjer. Slik det er no legg kvar operatør til rette sitt eige system. Det er behov for eit norsk standardsystem. Dette må Samarbeidsrådet følgja opp.

###### **Hurtigbåttilbodet**

Samarbeidsrådet hadde tidlegare ei gruppa som arbeidde med noverande og framtidige ruter.

Avdøde rådmann i Bømlo, Geir Aga var sentral i dette arbeidet. Det var og avgåtte ordførar i Etne og Kvinnherad i tillegg til ordførar Gaute Epland i Stord kommune.

Det er no kome ei initiativ til at framtidige ruter til Bergen bør gå til Halhjem og at det går buss derifrå til Flesland, Lagunen og Bergen sentrum. Det er ikkje teke høgde for at dei fleste passasjerane ikkje liker å skifta transportmiddel.

#### **Valnemda i SIM**

Ordførar Harald Rydland orienterte om at han var leiar i valnemda i SIM og at kandidatar i Austevoll, Stord og Tysnes er på val.